

Vår ref.:
25/01837-3

Dato:
05.03.25

Referat frå IDF-møte 03.03.2025 - styresaker

[Click here to enter text.](#) Tid: kl. 13:00 - 14:10 på Zoom

Til stades:

Frå tenestemannsorganisasjonane (Tillitsvalde)

- Gjert Anders Askevold, Forskerforbundet
- Venke Klubben Prytz, bisittar Norsk sykepleierforbund
- Nina Roskinn Harkestad, Akademikerne
- Tone Skjerdal, NTL/LO-stat
- Karl Eric Melander, Parat/YS-stat

Forfall: Jan Ove Mjånes, Akademikerne

- Karin Bell, Hovudverneombod (HVO)

Frå arbeidsgjevar:

- Gunnar Yttri, Rektor
- Tage Båtsvik, Organisasjonsdirektør
- Anette Fristad, Avdelingsleiar HR
- Wenche Fjørtoft, Seniorrådgjevar HR (referent)

Vedtakssaker

9/25 - Godkjenning av innkalling og saksliste til styremøte 2/2025

Tillitsvalde føreslår å behandle årsrapportane tidleg i møtet. Viss det er spesielle ting som kjem fram i årsrapportane så har ein det med til sakene seinare, som til dømes budsjettsaka.

10/25 Godkjenning av søknad om etablering, bachelor i prosess teknologi, y-vei

Rektor orienterte.

11/25 - Godkjenning av utgreiingssøknad - bachelor i paramedisin

Rektor orienterte.

Tillitsvalde: Dette verkar spennande, men det må vere økonomisk berekraftig.

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Avdeling
HR - Avdeling for
HR

Saksbehandler
Wenche Fjørtoft
Telefon:
+47 57 67 61 20

12/25 - Årsrapport HVL 2024

Rektor orienterte.

Tillitsvalde:

Viser til side 8 i rapporten, det er ulik produksjonsgrad på dei ulike campusane og dei ulike fakulteta. FHS har rundt 400 tilsette, i motsetning til dei to andre fakulteta som har rundt 500 tilsette. Men dei har om lag like mange studentar og kandidatproduksjon.

13/25 - Rekneskap 2024

Rektor orienterte.

Tillitsvalde:

Vi har hatt uro og krisestemning i eitt år. No ser vi at vi går i pluss. Sparer vi oss til fant? Det har vore slitasje på tilsette. Mange har kjensle av at ein jobbar meir for mindre. Stiller spørsmål om tydlegare rekneskapsanalyse. Handlar om å sjå på kva investeringar vi gjer: som til dømes utdanningsinfrastruktur og forskingsinfrastruktur. Er vi oppdatert?

Vi må følgje rekneskapen tett og prioritere det vi skal gjere. Vi har spart mykje og må samanlikne med resultatet i studiebarometeret – finst det ein samanheng? Har vi spart for mykje slik at det har gått ut over utdanningar og studentane?

14/25 - Endeleg budsjett 2025

Rektor orienterte.

Til verksemdskapitalen: Tillitsvalde stiller spørsmål til korleis fakulteta sin del av verksemdskapitalen skal kome i omløp.. Overskotet frå oppdragsaktiviteten går til den felles verksemdskapitalen. Oppfatninga var at det skulle vere tidsavgrensa. Stiller spørsmål til kva tanken var, korleis skal desse midlane kome i omløp for fakulteta?

Vi må kunne gjere dei investeringane vi treng for å ha god og forsvarleg drift som infrastruktur, forskingsutstyr og dataprogram.

Bidrag- og oppdragsfinansiert verksemd: Har kome på eit høgare nivå enn tidlegare. Tillitsvalde les det som at det i budsjetta berre vert rekna inn det ein har fått tilslag på. Konsekvensen av at ein budsjetterer med eit lægre budsjettnivå, kan vere mindre aktivitet enn det ein kunne fått til viss ein hadde budsjettert med eit høgare aktivitetsnivå.

Støttetenester: Ønskjer eit tydlegare skilje for kva som er administrasjon og kva som er felleskostnader. Bør ikkje vere ein samla post på dette.

Fordeling av midlar til strategisk handlingsrom: Rektor har føreslått å sette av 15 mill kr til forskning, nyskaping og digitalisering: Kva skjedde med berekraft, klima og miljø satsinga i høgskulen? Det er eit viktig område å ivareta også gjennom budsjetta.

Saknar omtale av konsekvensar av budsjettet for stillingar. Kor mange har vi og skal ein fortsetje med det aktivitetsnivået som har vore?

15/25 - Tidslinje for vurdering av medverknad i HVL og styringsmodell i fakulteta

Rektor orienterte.

Tillitsvalde støttar tidslina. Det bra at det kan bli noko framskunda. Arbeidet som skal gjerast skal stå seg i mange år, så vi treng ein god prosess.

Orienteringssaker

O-5/25 - Studiebarometeret 2024

Rektor orienterte.

Tillitsvalde viser til og er uroa for nedgang på score for indeksen «Alt i alt nøgd». Vi må søkje å finne årsakene til at studentane er mindre nøgde. Inkludert ei vurdering av om tilpassingane til den økonomiske situasjonen kan vere medverkande. Dei viser også til innspelet frå studentombodet sin årsrapport om konsekvensar av reduksjon i den direkte studentkontakten om følgje av digital rettleiing m.m. Kan måten vi kommuniserer med studentane våre og måten vi formidlar informasjon på vere medverkande

O-6/25 - NOKUT sin periodiske oppfølging av kvalitetssystem og kvalitetsarbeid i HVL

Rektor orienterte.

O-7/25 - Universitetsprosjektet - status og veien vidare vårsemester 2025

Rektor orienterte.

Tillitsvalde:

Det er mykje fokus på doktorgradar og utvikling av PHD, men vi bør også sjå på dosentløpet og førstestillingar.

O-8/25 - Orientering om Nasjonalt prosjekt for lærerrekruttering

Rektor orienterte.

Tillitsvalde stiller spørsmål om høgskulen, vår eigen region og våre samarbeidspartar drar nok nytte av prosjektet?

O-9/25 - HVL sin rammefordelingsmodell – utvikling av kriterium og strukturar for vurdering av omfordeling av basismidlar mellom fakultet

Rektor orienterte.

O-10/25 - Orientering om lokale forhandlingar etter HTA 2.5.1 for 2024

Rektor orienterte.

O-11/25 - Oppfølging av forskningsetikk

Rektor orienterte.

Tillitsvalde:

Dette er ei sak der det er nyttig å sjå i samanheng med årsrapportane,. Personvernombodet sin årsrapport gir ein viktig tilleggsinformasjon om utfordringar med tilstrekkeleg ressursar for oppfølging av forskningsetikk og personvern.

Dette er eit viktig arbeid. Vi må framstå som profesjonelle forskarar ved HVL og som profesjonell institusjon. Det blir fleire saker der det blir vurdert mogeleg brot på forskningsetiske normar og reglar. Kan det skuldast meir press på å prestere? Slike saker er krevjande å stå i både for tilsette, administrasjon og leiarar som handsamar sakene og dei tillitsvalde. Det er eit viktig arbeid som gjerast og vi må ta vare på enkeltpersonar i dette arbeidet.

O-12/25 - Orientering om mulig brudd på forskningsetiske normer på HVL

Sak som er unnateke frå offentleg innsyn og vert handsame i lukka møte.

O-13/25 - Årsrapport frå internrevisjonen 2024

Rektor: Årsrapportane er uavhengige rapportar frå omboda og sorterer under styret.

Årsrapporten er interessant lesing. Håper at tillitsvalde vert orientert om oppfølginga i fortsettinga. Merkar seg at det manglar leveranse frå arbeidspakke nr 5 i EVU-prosjektet, og lurar på kva konsekvensar det får for vidare oppfølging.

Tillitsvalde viser til at tema for felles internrevisjon hausten 2025 er berekraft (miljø og klima), og oppmodar internrevisjonen om å dra nytte av ei masteroppgåve i innovasjon og leiing frå våren 2024 som handlar om HVL si berekraftshistorie.

O-14/25 - Årsrapport studentombudet 2024

Tillitsvalde:

Det er ein godt skriven og interessant rapport. Digitalisering må ikkje redusere nødvendig kontakt med studentar og mellom tilsette.

O-15/25 - Årsrapport personvernombud 2024

Tillitsvalde:

Mykje interessant å lese i rapporten. Manglande ressursar gjeld også for personvernombudet sjølv, også som eit kritisk punkt. Det er ikkje her vi skal spare, vi må sørge for god nok bemanning.

O-16/25 - Årsrapport fra vernetjenesten 2024

O-17/25 - Munnlege orienteringar frå rektor - styremøte 2/2025

Rektor orienterte.

O-18/25 - Skriftlege orienteringar til styret: Nytt frå Høgskulen på Vestlandet - styremøte 2/2025

